



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord kommunestyre	20.06.2011	042/11	TVEANV

Offentleg**Høyring - endring i regelverk for eignedomsskatt på kraftverk****Dokument i saka:****Høyring om maksimums- og minimumsreglane i eidedomsskatten for kraftverk****Vedlagt:****Særutskrift skal sendast til:** Finansdepartementet, LVK**Endeleg avgjerd i:** Kommunestyret**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fråsegn frå Eidfjord kommune til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 15.04.2011:

Eidfjord kommune meiner ordninga med maksimums-og minimumsverdiane ved verdisetjing av store og lønsame kraftverk må opphevast. Dette bør gjerast kombinert med at grunnlaget for normrenta vert endra til ei meir stabil og langsiktig rente.

Med ei slik omlegging vil me få eit robust skattesystem som er i tråd med allmenne skatteprinsipp med likheit og skatt etter evne. Dette vil gje ein eignedomsskatt som samsvarar med dei omsetjingsverdiane me kjenner frå marknaden i dag på rundt 4kr/kWh.

20.06.2011 Eidfjord kommunestyre**Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes vedteke.



Hardanger

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

KST-042/11 Vedtak:

Fråsegn frå Eidfjord kommune til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 14.04.2011:

Eidfjord kommune meiner ordninga med maksimums – og minimumsverdiane ved verdisetjing av store og lønsame kraftverk må opphevast. Dette bør gjerast kombinert med at grunnlaget for normrenta vert endra til ei meir stabil og langsiktig rente.

Med ei slik omlegging vil me få eit robust skattesystem som er i tråd med allmenne skatteprinsipp med likheit og skatt etter evne. Dette vil gje ein eigedomsskatt som samsvarar med dei omsetjingsverdiane me kjenner frå marknaden i dag rundt 4kr/kWh.

Saka gjeld

Finansdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat om endring av maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk, med frist 15. juli 2011. Notatet er vedlagt.

I høyringsnotatet kjem departementet med framlegg om å vidareføra ordninga med minimums- og maksimumsreglane for eigedomsskatt på kraftanlegg. Den einaste endringa som departementet konkret kjem med, er å inflasjonsjustera maksimumstaket for åra framover. Dette vil medføra ein auke frå dagens sats på kr 2,35 til ca kr 2,41. Vidare vil departementet vurdere å auka kapitaliseringsrenta. Auka rente betyr lågare eigedomsskatt til vertskommunane.

Staten fastset eigedomsskattetakstane for alle kraftverk. For store kraftverk vert eigedomsskattegrunnlaget fastsett som ein noverdi over uendeleg tid av anslått nettoinntekt. Skattegrunnlaget kan likevel ikkje vera lågare eller høgare enn høvesvis kr 0,95 og kr 2,35 per kWh av den gjennomsnittlege produksjonen over ein periode på sju år. Satsane har stått uendra sidan 2004. Som følge av stor auke i kraftprisane dei siste åra har verdien av dei fleste kraftverk auka mykje, og kome over maksimumstaksten.

Eidfjord kommune er svært avhengig av dei ulike inntektene som kjem frå skatt på kraftproduksjon. Diagrammet nedanfor syner %-vis korleis dei ulike inntektene fordeler seg i 2010.



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord


Org.nr:
Bankgiro:
Innbetaling skatt:

944 227 121
3450.19.60006
7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

% vis fordeling 2010




Naturressurskatten er produksjonsavhengig, men p.g.a. utjamning over 7 år gjev dette relativt små utslag. Skattesatsen på 1,1øre/kWh har imidlertid stått uendra sidan kraftskattereforma av 1997, og realverdien tapar seg såleis år for år. Eigedomsskatten på Sima kraftverk har sidan 2007 vorte likna etter maksimumsverdien, og på same måte som naturressursen, tapar no eigedomsskatten seg i realverdi kvart år.

Eidfjord kommune har til liks med dei fleste andre vertskommunane for store kraftanlegg utfordringar med å oppretthalda folketalet. Effektivisering både i offentleg- og privat sektor fører til tap av arbeidsplassar i distrikta, og som regel auka press i dei store byane. Eit stort areal høgt til fjells, og rikeleg med nedbør, gjer kommunen unik for kraftproduksjon. Me kan dermed tilføra storsamfunnet ein stor ressurs. Denne ressursen er snart det einaste som ikkje kan "flaggast ut", og vertskommunane må difor få sin rettmessige andel av verdiskapinga.

Verdien av kraftproduksjonen i Noreg har auka sterkt dei siste åra på grunn av auka straumprisar, og vil i framtida truleg liggja på eit høgare nivå enn tidlegare. Kommunane vil ikkje få glede av dei høge straumprisane i framtida dersom lova vert vidareført etter same prinsipp som no. Då vil meirverdien gå til staten og til dei store kraftselskapa som stort sett er eigd av staten eller dei store bykommunane. Staten får mange milliardar kroner i inntekt via grunnrenteskatt på kraftverk og meirverdiavgifta på sal av kraft. Staten tok ut eit utbytte i Statkraft på over 10 mrd. kr. i 2009 og 8 mrd. kr. for 2010, og Oslo kommune tok ut eigarutbytte frå kraftverk på 2,8 mrd. kr. i 2010.

Dersom den høge prisen held seg, eller kanskje til og med stig endå meir, vil den skeive fordelinga mellom bykommunane og staten på den eine sida, og vertskommunane på den andre sida berre verta større. Figuren under syner utviklinga av fordelinga på dei ulike skatteartene og utbyte til eigarane dei siste åra.



I høyringsnotatet skriv departementet at dei store økonomiske verknadane for staten og fordelinga mellom kommunane talar mot ei oppheving av minimums- og maksimumsverdien. Dette er tilfelle dersom ein legg til grunn den låge kapitaliseringsrenta på 3,3% me har i dag. Dersom utrekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta vert endra slik at normrenta aukar til ca 2% og risikotillegget står uendra på 3% vil me få ei stabil og langsiktig kapitaliseringsrente. Verknadane for oppheving av minimums- og maksimumsverdiane vil då verta langt lågare enn det som går fram av høyringsnotatet.

Økonomiske konsekvensar:

Auka eigedomskatteinntekter

Juridiske konsekvensar:

Endra lovverk

Miljømessige konsekvensar:

Ingen

Personalsmessige konsekvensar:

Ingen